



STYREMØTE 2. DESEMBER 2013

Stad: Aktivitetssenteret i Sund

Tid: 11:00 lunsj, møtestart 11:30

| | |
|-------|--|
| 31/13 | Referat frå møtet 16.09.13 |
| 32/13 | <p>Val av ny leiar og nestleiar i Regionrådet Vest</p> <p>VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR.</p> <p>Sund kommune har no hatt leiarskapet v/ordførar Trellevik i to år. Samstundes har Fjell kommune v/ordførar Eli Berland vore nestleiar. Dette er i samsvar med vedtektene som seier at leiarskapet skal gå på omgang med skifte kvar andre år. Det same gjeld ansvar for sekretariatsfunksjonen som dei siste to åra har vore Sund kommune sitt ansvar. I perioden før var det Øygarden som hadde leiarskapet, både politisk og kva gjeld sekretariatsfunksjonen. På sist møte i styret vart det signalisert at styret ynskjer leiarskapet lagt til Fjell kommune. Saka vert med dette lagt fram for styret for vedtak i saka.</p> |
| 33/13 | <p>Tema for neste møte i Tinget i Vest</p> <p>TEMA I NESTE TINGMØTE</p> <p>Det vert halde møte i Tinget i Vest to gonger i året. Haustmøte er nyleg over. Det er ofte slik at planlegginga av desse møte lyt førebuast i god tid. Det kan difor vera føremålstenleg å ta inn politiske signal på eit tidleg tidspunkt. Styret vert med dette invitert til å gje eventuelle politiske signal for Tingseta i på Vårtinget. Alternativt vert det fremja forslag gjennom Rådmannsmøte.</p> |
| 34/13 | <p>Politisk representasjon i arbeidet med Strandsone og Næringsareal</p> <p>POLITISKE VEDTAK STRANDSONE OG NÆRINGSAREAL.</p> <p>Alle dei fire kommunane har no vedteke å samarbeida om kartlegging av strandsona og ha eit regionalt felles planarbeid med kommunedelplan næringsareal. Fjell kommunestyre gjorde vedtak i saka i sitt møte 26. sept. d.å. I sitt vedtak pkt 5 hadde Fjell kommunestyre eit tillegg som lyder:</p> <p>« Fjell kommunestyre rår til at det vert oppnemnd ei politisk referansegruppe, samansett av 2 politikarar frå kvar av dei deltakande kommunane. Fortrinnsvis planpolitikarar.»</p> <p>Styret i Regionrådet Vest har som kjent drøfta denne saka tidlegare som grunnlag for dei vedtak som no ligg føre. Politisk representasjon i arbeidsprosessen har og vore eit tema. Då det no ligg føre ei konkret tilråding frå Fjell kommunestyre som gjeld oppnemning av</p> |

| | |
|-------|---|
| | politisk referansegruppe, vert dette lagt fram for styret for drøfting og vedtak. |
| 35/13 | Møteplan 2013 (sjå vedlegg) |
| 36/13 | <p>Rusomsorg - Prosjekt Ves</p> <p>RUSOMSORG - PROSJEKT VEST</p> <p>Styret i Regionrådet Vest hadde ovannemnde sak til førehaving i sitt møte den 10. juni på bakgrunn av ein rapport frå prosjektet.</p> <p>Målsettinga for prosjektet er: «Rusomsorg – Prosjekt Vest skal utrede og komme med forslag til etablering av et behandlings- og oppfølgingstilbud i samarbeid med Helse Bergen, Blå Kors og kommunene i Region Vest, som gjør at flere rusmisbrukere skal bli rusfrie over tid, og som er økonomisk realiserbar for alle involverte parter.»</p> <p>Frå ovannemnde rapport gjekk det fram at omstenda gjorde det naturleg å vurdere ein «time – out» for prosjektet. Det sentrale spørsmålet var om det var mogeleg å leita fram ressursar til å driva prosjektet vidare. Rådmannsgruppa gjekk i sitt møte 27. mai inn for å finna løysingar som førte arbeidet vidare.</p> <p>Styret gjorde fylgjande vedtak i sitt møte 10. juni: «Styret ser det som føremålstenleg at det påbyrja arbeidet held fram forutan avbrekk, men ber om tilbakemelding om arbeidet i rusomsorga. Rådmannen v/kommunalsjef(ar)/fagsjef(ar) må oppsummera kva ein har av tilbod på området, klargjera rollefordeling mellom 1. og 2. linetenesta og synleggjera kva det er føremålstenleg å ha felles i regionen.»</p> <p>Attendemelding frå Prosjektet ligg no føre i form av møtereferat. Jfr. vedlegg Saka med attendemelding på førespurnad vert med dette lagt fram for styret.</p> |
| 37/13 | <p>Mogeleghetsstudie – Vedtak i Askøy kommunestyre</p> <p>MOGELEGHEITSSTUDIE - FRAMDRIFT</p> <p>Det vert vist til tidligare handsaming i styremøte i Regionrådet Vest omkring mogeleghetsstudie i Vest. Det vert og vist til egne vedtak i dei einskilde komunane og til søknad om finansiering. Som kjent for styret har Kommunal og Regionaldepartementet peika på at Askøy sitt vedtak i saka lyt gjerast av kommunestyret i tillegg til formannskapet. Kommunestyret i Askøy hadde saka om mogeleghetsstudie til førehaving i sitt møte 31. oktober d.å. Det vart då gjort fylgjande vedtak:</p> <p>«Siden Øygarden kommune ikke har gitt sin tilslutning til mulighetsstudie vedrørende ny kommunestruktur finner heller ikke Askøy kommune grunn til å delta i prosjektet. Askøy kommune er av den oppfatning at dette er et prosjekt som omfatter Sotra kommunene og ikke Askøy.»</p> <p>Saka vert med dette lagt fram for styret påny for drøfting og eventuelt vedtak.</p> |
| 38/13 | <p>Meldingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Referat IKKUS • Felles Ansvar orientering og status v/ prosjektleiar Åsta Årøen • Oversyn over aktive prosjekt |



REFERAT FRÅ STYREMØTET 16.09.13

Stad: Rådhuset i Fjell

Desse møtte: Eli Berland, Ove Bernt Trellevik, Siv Høgtun, Otto Harkestad, Steinar Nesse, Stig Arne Thune, Odd Magne Utkilen, Siri Fahlvik Pettersen. I tillegg møtte: Svein Fjelland, Stig Ryland, Ole Hope, Per Hillestad, Vigleik Brekke og anne Grete Hareide

| | |
|-------|--|
| 25/13 | <p>Referat frå Styremøtet 10.06.13</p> <p>Vedtak: Referatet vart godkjent</p> |
| 26/13 | <p>Status og framdrift: Samhandlingsreform og Lokalmedisinsk senter på Straume</p> <p>Svein Fjelland orienterte om status for samhandlingsprosjekta og status for arbeidet med skisseprosjekt til Lokalmedisinsk senter i Region vest.</p> |
| 27/13 | <p>Tinget i Vest – Opplegg og tema</p> <p>FRAMTIDIGE TRANSPORTKORRIDORER/TINGET I VEST</p> <p>Rådmannsmøte drøfta på sitt forrige møte moglege løysingar på ferjetransport mellom Hanøytangen og CCB.</p> <p>Rådmannsmøte valgte å løfta saka til styret i sitt møte 10. juni.. Styret ynskte å ha eit breiare grunnlag for drøfting av framtidige transportkorridorar i Vest. Styret gjorde såleis fylgjande vedtak: «Det vert arrangert eit møte/seminar med aktuelle representantar frå næringslivet for å klargjere behov og framtidige transportkorridorar. Møtet bør arrangerast hausten – 13»</p> <p>I samråd med styreleiar legg ein til grunn at Tinget i Vest er ein høveleg arena for denne drøftinga på sitt neste møte den 14. okt 13. Ein oppmodar om visjonære innlegg om moglege framtidige transportkorridorar – Veg i Vest.</p> <p>Førebels opplegg er: Innlegg frå Magnus Stangeland, Byråd Filip Rygg Bergen kommune, Sjefsingeniør Magnus Natås, Statens Vegvesen, Sambandet Vest v/styreleiar eller dagleg leiar. I tillegg ei løypemelding/status omkring dei to arealprosjekta: Næringsareal og Strandsone v/Stabsleiar Gerhard Inge Storebø.</p> <p>Dei to næringslivsforeningane er invitert til å vera med. Det same gjeld den nye direktøren i BRB og Samferdselsavdelinga Hordaland Fylkeskommune.</p> |

| | |
|-------|---|
| | <p>Møtet vert på Panorama Hotell.</p> <p>Vedtak: Styret sluttar seg til innhaldet i møte slik det er skissert. Ordførarane informerer frå kvar si kommune før ein går vidare til gjestane .</p> |
| 28/13 | <p>Adm. direktør i BNR Ole Hope ga ei kort orientering om arbeidet i BNR med tittel</p> <p>- Hvor vil BRB – er dere med? –</p> <p>Ifølgje Hope skal BRB vera ei drivkraft for kompetansebasert næringsutvikling i regionen. Han viste til tre prioriterte arbeidsområde for BRB. Det er å hjelpe til å få ein næringsvennleg offentleg sektor, marknadsføring og internasjonalisering. Han viste til at det har vore møte med utviklingselskapet Gode Sirklar. Ifølgje Hope fekk ein der tydeleggjera arbeidsfordelinga og at BRB kan vera eit supplement til Gode Sirklar.</p> <p>I samtalen vart det understreka at det er viktig å ha god kontakt med både Gode Sirklar, næringsjefen i Askøy og næringslivsorganisasjonane og at ein unngår unødvendig konkurranse mellom kommunane. Hope fekk støtte for at det er eit behov for ei etablerartenesta som kan vera ei andrelinjeteneste som kundetorget/servicetorget i kommunane kan visa til.</p> |
| 29/13 | <p>Meldingar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Referat IKKUS |
| 30/13 | <p><u>Fjell kommune</u>, ved Eli Berland overtar som leiar av regionrådet på tinget i Vest i oktober.</p> <p><u>Moglegheitsstudie</u> – Tilbakemelding frå departementet at søknaden ikkje blir behandla før Askøy har behandla saka i kommunestyret.</p> <p><u>Førebyggjande arbeid som del av MOT prosjektet</u> Siri F. Pettersen informerte om korleis Tingvoll hadde organisert alt sitt førebyggjande arbeid inn i MOT prosjektet. Sidan alle fire kommunane er MOT kommunar stilte ho spørsmål om Politiråd og SLT kunne knytast til MOT.</p> <p>Ove Trellevik representerer regionrådet i Regional plan for senterstruktur og i Klimarådet, her må det veljast ny representant.</p> |



FRAMLEGG TIL MØTEPLAN REGIONRÅDET VEST 2014

| MØTE | DATO | STAD |
|----------------------|---------------|------|
| Rådmannsmøte | 27. januar | |
| Styremøte | 10. februar | |
| Rådmannsmøte | 17. mars | |
| Tinget i Vest | 7. april | |
| Rådmannsmøte | 26. mai | |
| Styremøte | 16. juni | |
| Rådmannsmøte | 25. august | |
| Styremøte | 15. september | |
| Rådmannsmøte | 6. oktober | |
| Tinget i Vest | 27. oktober | |
| Rådmannsmøte | 17. november | |
| Styremøte | 8. desember | |

Referat fra møte 23.10.13 Regionrådet vest – Fokus på rus i region vest.

Tilstede: Nina Andersen og Line Glesnes, Sund kommune.
Vidar Sangolt og Kari Eide, Øygarden kommune
Saritha Hovland, Fjell kommune
Ine Sture og Rigmor Storås, Askøy kommune

Frafall: Monica Pedersen Fjell kommune
Randi Harkestad Øygarden kommune

Referent: Rigmor Storås

Sak 1. Formål med møte

Ine presenterer kort bakgrunn for møtet. Det er kommet en bestilling fra Regionråd vest hvor en ønsker å se på samarbeidsarenaer innenfor rusområdet i regionen, kartlegge tilbud og tjenester innenfor rusområdet og klargjøre rollene mellom 1. og 2. linjetjenesten.

Sak 2. Hver kommune presenterer sine tjenester

Øygarden

Har pr i dag 1.5 årsverk i NAV til rusoppfølging. Personen som arbeider 50% stilling, arbeider også 50% stilling i psykisk helse. Dette sikrer god samhandling mellom NAV og Psykisk helse. De har ansvar for oppfølging av brukere som har behov for rusbehandling både før, under og etter behandling, Legemiddelassistert rehabilitering (LAR), en mannsgruppe som er et lokalt tiltak og de er nå i startfasen av å starte opp en treningsgruppe i regi av trappen motiveringscenter. De har i dag 15 deltakere i LAR behandling. Det er avklart at de personene som skal hente LAR på legesenteret må ha sin fastlege der. De øvrige som ikke har fastlege i Øygarden (2 stk) henter på apotek. De opplever at dette fungerer bra.

Øygarden er godt fornøyd med samarbeidet med 2. linjetjenesten.

Øygarden ser at det kan være hensiktsmessig å samarbeide rundt:

- Arbeidsrettede etterverns tilbud
- Felles varmetue/lavterskel aktivitetshus
- Felles botilbud for tunge brukere

Sund

Mangler fra 01.01.13 egne ruskonsulenter. De opplever å ha mange krevende rus saker og har en på tvang i dag. I tillegg har de flere bekymringsmeldinger hvor tvang kan bli aktuelt. Har ca. 40-45 rusavhengige. De har 6 pasienter i LAR. Opplever at de har store sideinntak og av den grunn fungerer dårlig. De har store utgifter knyttet til LAR utdeling. Kommunen ønsker å se på muligheten for å finne interne løsninger for å redusere kostandene til LAR utdeling. I tillegg opplever de å ha utfordringer med å bosette denne brukergruppen. I og med at de ikke har egne ruskonsulenter blir dette fordelt på alle de kommunalt ansatte saksbehandlere. Mangler kapasitet til å drive bo oppfølging til denne gruppen.

Har et godt samarbeid med Psykisk helse i kommunen. Når det gjelder samarbeidet med 2.

linjetjenesten ønsker de et mer faglig fokus. Har hatt noen saker med Avdeling for rusmedisin som har vært uheldig. Opplever godt samarbeid med LAR konsulenten i Avdeling for rusmedisin.

Sund ser at det kan være hensiktsmessig å samarbeide rundt:

- Øke kompetansen rundt tvangssaker
- LAR senter (da hovedsakelig på helg)

- Botilbud til de tyngste brukerne

Fjell

9 årsverk i rusteamet. 75 brukere, 31 LAR pasienter. De fleste henter på apotek, et par får utlevert av pleie og omsorg i kommunen.

Samarbeider godt med andre fagavdelinger i kommunen.

Opplever å ha et godt samarbeid med 2. linjetjenesten. Har hatt noen saker hvor de har henvist brukere og bedt spesifikt etter psykolog, men er blitt innvilget andre fagpersoner, f.eks en vernepleier. Opplever tidvis vanskeligheter med å ha dialog med avdeling for rusmedisin. De er fornøyd med sin LAR konsulent ved Avdeling for rusmedisin.

Opplever å bli avvist fra spesialisthelsetjenesten vedrørende de pasientene som har både rus og psykiske lidelser. Det er initiert et møte i kommunen nå hvor fokuset skal være på samhandling til personer med rop lidelser. Har klare målsettinger om å bli bedre på dette samarbeidet i kommunen. Fjell ser at det kan være hensiktsmessig og samarbeide rundt:

- LAR senter
- Lavterskeltilbud
- Bemannede boliger
- Tilbud på ettermiddag/helg.

Askøy

Har 5.2 årsverk i ny fagavdeling Rus- og psykisk helsetjeneste. I brukerplankartleggingen ble det registrert 113 personer hvorav 40 er i LAR. Kommunen har utfordringer med LAR utdeling. Blir avvist ved apotekene og fastlegene ønsker ikke å dele ut. Arbeides med å lage en midlertidig løsning i lokalene til legevakten for å avhjelpe legekantor og apotek. I tillegg er kommunen i gang med å få etablert et boligkompleks med 10 nye boenheter hvor 8 er varige boliger og 2 skal være krisebolig. Er behov for å ha bemanning for å sikre forsvarlighet i dette bo komplekset.

Askøy opplever å ha utfordringer med Avdeling for rusmedisin, og da hovedsakelig LAR konsulent. Det er vanskelig å komme i dialog, konsulenten er utilgjengelig og følger ikke godt nok opp inngåtte avtaler.

Opplever mangler med å få svarbrev på henvisninger til avdeling for rusmedisin. Det kan også virke som om det er uklare vurderingskriterier i forhold til behandling.

Det er kommet noen bestillinger fra 2. linjetjenesten hvor de etterspør omsorgstilbud i regi av kommunen. Dette er tilbud kommunen ikke har. Skal slike etterspurte tiltak iverksettes, må det kjøpes av private aktører til høye dagspriser.

Askøy Kommune ønsker å bedre samarbeidet med Avdeling for rusmedisin, og har initiert et møte hvor fokus skal være samhandling og tilgjengelighet.

Askøy ser at det kan være hensiktsmessig å samarbeid rundt:

- Boliger med bemanning
- Omsorgsboliger for eldre rusavhengige
- LAR senter
- Lavterskel arbeid/aktivitet
- Samhandlingsreformens betydning for brukergruppen

Sak 3. Konklusjon

Det er enighet om at vi ikke trenger flere møter for å avklare bestillingen fra regionrådet.

Kommunene i regionen har utfordringer innenfor rusområdet og det som oftest går igjen er boliger. Fjell og Askøy har i tillegg utfordringer med LAR. Dette er en pasientgruppe som øker og hvor det

er vanskelig å møte etterspørselen ettersom antallet brukere stadig er økende.

Ønskede fokusområder;

- Få etablert et formalisert samarbeid mellom kommunene og spesialisthelsetjenesten som ikke er personavhengig
- Boliger m/bemannning
- LAR-senter
- Økt fokus på aktivitetslinjen i NAV
- Samhandlingsreformen. Avklaring av hva kommunene må ha av tilbud og tjenester innenfor rusfeltet.

Grunnet at kommunene vil få stadig flere personer med rusrelaterte utfordringer vil også antallet personer i LAR øke i alle kommunene. Kommunene vil på sikt kunne få utfordringer i forhold til utdeling av LAR. Gruppen har diskutert etablering av et felles LAR senter for kommunene i region vest, men ser at logistikk i forhold til reise vil være utfordrende. Det kan se ut som om at en etablering av et LAR senter i Fjell kommune vil være mulig å samhandle rundt for 3 av kommunene. For Askøy kommune vil logistikk i forhold til offentlig transport være en stor utfordring. Et samarbeid med Bergen kommune i Loddefjordområdet vil slik en ser det være mer realistisk.

Sak 38/13

M Ø T E R E F E R A T



Møtenr. 6/13
Møtedato 20.09.13
Tid Heil dag
Stad Sund
Deltakarar Gunnar Brynjulfsen, Bernt Hjørnevik og Laila Klemetsaune
Forfall: Lennart Fjell

Inviterte: Folkehelsekoordinatorane Jens Harald Garden (Askøy) og Jeanette Nesse (Fjell).

1. TV 2 Sporty

Ikkus Fjell, Sund og Øygarden starta med å diskutera prosjektet til TV2 Sporty saman med folkehelsekoordinatorane i Fjell. Prosjektet er forankra hos VNR og ordførarane, som jobbar med mobilisering. IKKUS er positiv til prosjektet i forhold til folkehelse og profilering, men er førebles usikker på omfanget av kostnader og deltakartal. Vi jobbar vidare med saka for å få ein konklusjon innan utgangen av oktober.

2. Fagsamling IKKUS

Fagsamlinga vert på Sotra Arena 23.oktober kl 09.00 – 16.00. Tema for samlinga er Kultur og folkehelse. Programmet vil veksla mellom faglege innlegg, gruppearbeid, diskusjonar og prioriteringar for vidare arbeid.

3. Tall Ship Race

IKKUS ynskjer å senda 2 ungdommar frå kvar kommune med Loyal i Tall Ship Race. Dette kan også koplast til feiringa av grunnlovsjubileet. Mobilisering kan skje ved hjelp av ungdomsråda og kommunestyra. Aktuell etappe er Bergen (Strusshamn) – Esbjerg. Finansiering må skje i samarbeid med næringslivet som vil satsa på ungdom og rekruttering.

Laila Klementsane

| Pågåande prosjekt og samarbeid | | | |
|--|-------|-------|--|
| Prosjektnamn | Start | Slutt | Status: |
| PasientIKUS | 2012 | 2013 | Fekk 200.000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen i 2012. |
| Strategi for regionalt IKT samarbeid | 2012 | 2013 | Strategi levert, og politisk behandla. IKT råd oppnemnt nov. 2013 |
| Barnevern: Betre saman for barna. | 2011 | | Prosjektet er under evaluering. Utvida barnevernvakt i regionen Oppfølging av fosterheimsplasserte barn, dette er sett på vent. |
| Rusomsorg – Prosjekt Vest | 2013 | | Tilrådd vidare arbeid |
| Plan og byggesak | | | Gerhard Inge Storebø er prosjektleiar. |
| Strandsone og næringsareal | 2013 | | Vedteke i alle kommunestyre Gerhard Inge Storebø er prosjektleiar |
| Kyst Ros | 2012 | 2013 | 300.000 i 2012 |
| Frisklivs- og meistringssenter (del av Betre saman, samhandlingsreforma i region vest) | 2013 | 2015 | Prosjektleiar tilsett frå des.2012. Arbeidsgruppe med rep. frå alle kommunane er etablert, koplinga til kommunale Frisklivssentral. Fekk 350.000 i samhandlingsmidlar 2012. |
| Komparative fortrinn | | 2011 | Prosjekt ”satt på vent” |
| Interkommunalt samarbeid om kommunestruktur | 2013 | | Søknad om finansiering av Moglegheitsstudie Askøy ønsker ikkje delta |
| JordmorHeim | 2012 | 2013 | Sak til politisk handsaming i Øygarden og Sund. Tilskot på 200.000 til forprosjekt 2012. |
| Felles Ansvar | | | Har prosjekt gåande i alle kommunane. Arbeider med finansiering |
| Regional bygningsvernkonsulent | 2012 | | Prosjektleiar er tilsett for 3 år |

Samarbeid satt i drift, avslutta prosjekt og anna.

| Namn | Ansvar: | Status: |
|--|---------------------|---|
| Samarbeidsutvalet for Bergensregionen (Helse) | Sund | Eige underutval for RRV er etablert. Sekretariat i Sund finansiert med 20% stilling av regionrådet |
| Lokalmedisinsk senter | Fjell | Styringsgruppe med rep frå alle kommunar og Helse Bergen. Bygg planlagt ferdig 2016/2017. Fekk 500.000 i Samhandlingsmidlar til funksjonsprogram i 2012 |
| Intermediær avdeling | Fjell vertskommune | Pilot (6 plassar) i drift frå februar 2010. Samhandlingsmidlar i 2010 og 2011. |
| Palliativ avdeling | Askøy vertskommune | (4 plassar) starta opp i oktober 2012. Fekk 500.000 i Samhandlingsmidlar 2012. |
| Gode Sirklar AS | | Eigarkommunane må avklare vidare drift |
| IKKUS - kultursamarbeid | Alle kommunar | I drift |
| Tilsyn barnehagar | Sund | I drift – koordinert frå Sund. |
| Trigger AS | Vertskommune Askøy | I drift |
| Ny finansieringsordning - barnehagar | Askøy | Modellen er ferdig og tatt i bruk. |
| Internkontroll | Askøy | Pilot i drift |
| Felles Ansvar | Vesthordland prosti | Arbeider med finansiering |
| Pilot ØH senger i samarbeid mellom Sund og Fjell | Fjell vertskommune | Starta opp 1.halvår 2012. 550.000 i skjønsmidlar i 2012. Felles driftsgruppe med Øygarden. |
| KartIKUS | Alle kommunar | Avslutta. Vidareført i Fjell og Øygarden. |
| BibliKUS | Alle kommunar | Felles datasystem for alle biblioteka. |
| FeitIKUS (Felles-elev-IT-InterKommunalt UtviklingsSamarbeid) | Kvar kommune | Kobling til Feide i alle 4 kommunane med litt ulike løysingar. |
| Regional utvikling, inntektsnivå og behovsutvikling samt kostnadsgjennomgang | Regionen | Gjennomført 2011 |